

# Oppsummering etter synfaring i Hamlagrø

## 8.sept

### Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Jordalen, Arve (10.07.1966), signert 29.09.2022 med Signicat Sign BANKID
- Botnen, Hallgeir (27.11.1977), signert 29.09.2022 med Signicat Sign BANKID
- Torpe, Lars (25.04.1967), signert 29.09.2022 med Signicat Sign BANKID
- Flem, Anne Elise (20.08.1981), signert 29.09.2022 med Signicat Sign BANKID
- Melstveit, Terje (30.09.1972), signert 29.09.2022 med Signicat Sign BANKID\_MOBILE



#### Det signerte dokumentet inneholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



#### Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



#### Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

Til NVE i sak 201707509, vilkårsrevisjon Hamlagrø/Bergsdalsvassdraget

### **Oppsummering etter synfaring i Hamlagrø 8. september og litt om konsesjonæren sine svar på innkomne høyringssvar**

Viser til forhold Kyrkjevika Hyttelag og grunneigar i Søre Hamlagrø peika på under synfaringa Hodnaberg – Dyrastegen, samt saker Eviny skriv om i si oppsummering av innkomne høyringssvar.

I Eviny sitt dokument «*Vilkårsrevisjon for Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget. Konsesjonærens kommentarer til innkomne høyringsuttalelser*» (EVINY 12936262) seier Eviny, heilt rett, at det har kome inn mange høyringssvar. Svara grupperer seg klart med samsvarande innspel og krav tilsvarande det naturlege interesseområdet til dei som har gitt svar. Dette viser at Eviny som konsesjonær tek på seg eit stort ansvar og at det må leggjast grundig arbeid ned i å balansera dette ansvaret mellom ulike interesser.

Det viser tydeleg at Hamlagrøvatnet, i høve til mange andre magasina på vestlandet er heilt spesielt. Hamlagrøvatnet kan regulerast like mykje og har om lag like vilkår som alle dei andre magasina i området som ligg høgt oppe i snaufjellet. Ei regulering på vel 30meter opp og ned virkar ikkje på landskapet på same måte i eit brådjupt magasin med slett berg på alle kantar, som det gjer på eit vatn som for det meste er grunt og som ligg i eit frodig stølslandskap. Det er den frodige jorda – altså lausmassane – rundt vatnet som har gjort at det opp gjennom tidene har vore både gardsdrift og ikkje minst støls- og fedrifting i området. Dei same eigenskapane gjer og landskapet til det attraktive hytte- og friluftsområdet det er i dag. Magasina er openbart svært ulike, men har like og skjematisk vilkår frå ei annan tid då eit vatn var eit vatn og fjellet ikkje hadde nokon verdi. Om det skal vera ein miljørevisjon så må desse forholda leggjast vekt på. Dette vart teke tok vi opp under synfaringa.

Der tok me og opp ein del andre forhold som me vil minna om her og:

1. Formuleringar i Eviny sitt kommentardokument som er feil. Eviny sin omtale gir eit uriktig bilete av ferdsla på og ved Hamlagrøvatnet. KH vil difor gi meir informasjon om det.
2. Eviny går langt i å avvisa både ansvar for tiltak for ferdsel vinterstid og om sikring av inntak. KH meiner avvisinga skjer på feil grunnlag og vil leggja fram informasjon som viser dette. Her er det og feil i revisjonsdokumentet som kan skapa uvisse.
3. Eviny let det stå att eit ope spørsmål til ei formulering i svaret til Kvam Herad. KH har ikkje vanskar med å sjå kva som kan vera svar på spørsmålet og vil gjerne informera om det.
4. Til slutt har KH nokre spørsmål til NVE og Eviny

### **Feil i Eviny sitt dokument «avsnitt 5.2, Sikring av ferdsel»**

- 1) Eviny skriv at dei  
*«mener ikke at forholdene for ferdsel rundt sørenden av Hamlagrøvatnet er forverret vinterstid, verken for turgåere eller nødetater som bruker snøscooter. Terrenget er kollete men ikkje spesielt bratt, og reguleringen som har medført at vannstanden bare er hevet 32 cm over naturlig vannstand har ikkje forverret ferdselen rundt vatnet i forhold til uregulert tilstand. Vanligvis er magasinet senket vinterstid, noe*

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jordalen, Arve (10.07.1966), 29.09.2022
- Botnen, Hallgeir (27.11.1977), 29.09.2022
- Torpe, Lars (25.04.1967), 29.09.2022
- Flem, Anne Elise (20.08.1981), 29.09.2022
- Melstveit, Terje (30.09.1972), 29.09.2022

Forseglet av



Posten Norge

*som gir fleire muligheter i forhold til fremkomst langs vannkanten».*

Eit par avsnitt lenger ned skriv Eviny vidare at

*«De fleste vil ta seg fram frå bilveg til hyttene over land»*

KH vil peika på at dette ikkje er rett! Dette kjem klart fram KH sitt høyringssvar, samt i svaret frå grunneigarlaga og frå Kvam Herad. Me meiner det er viktig å retta opp i denne feilen før vi kjem til ei synfaring i området.

Terrenget rundt Hamlagrøvatnet har i minimal grad vore ferdselsveg til stølar og hytter Sør for vatnet. For alle som høyrer til dei 54 medlemshyttene eller andre av dei 80-tals bygningane som ligg sør for vatnet, er det vatnet som er vegen – sommar som vinter. Det same er tilfelle for dei som har løyve til køyring med snøskuter om vinteren, Øystese Raude Kors Hjelpekorps og Hamlagrø Hytteservice.

Ferdsel over vatnet kan dokumenterast som ein ubrotten tradisjon så langt tilbake som det har vore støling i området. Frå lenge før kraftutbygginga gjekk både tyngre transportar og frakt av turistar til hotellet i Søre Hamlagrø med hest og slede over isen vinterstid. Seinare, etter at det kom veg til vatnet utover på 1900-talet, vart det og nærast slutt på å gå til støls over fjellet frå Kvam. Transporten gjekk med bil så langt som mogeleg og så vidare over vatnet – i båt eller på isen.

Vatnet har vore ein trygg og heilt sjølvsagt veg – heilt fram til i dag. Det viser m.a. plasseringa av den felles parkerings- og båtopplagsplassen (Søreplassen) for grunneigarar og hyttefolk i sør. Her er det plass til 88 bilar om vinteren og over 100 om sommaren. I feriar og typiske utfartshelgar er plassen full. Søreplassen vart etablert midt på 80-talet og har sidan vorte oppgradert fleire gonger, m.a. med båtopptrekk som BKK i si tid og gav ein mindre stønad til. Plassen ligg på festa grunn i Voss Herad der det er kortast veg i rett line over vatnet. Om vegen til hytter og stølar gjekk rundt vatnet, ville det vera svært lite rasjonelt å parkeringsplass her. Søreplassen vert nytta heile året, men av naturlege årsaker mest i tida *januar – april og juni – november*. Altså i den tida vatnet er farbart - enten med båt eller over isen.

I dei siste åra har det tidvis og stadig oftare vorte utrygg is. Dette har i nokre vintrar ført til at det har vorte naudsynt å nytta den lange omvegen i terrenget langs vatnet. At vintrane endrar seg har vorte svært tydeleg gjennom dei om lag 10 siste åra. Som representant frå Eviny sjølv uttalte under synfaringa, men då om attgroing i Daleelva:

*«tidegare la det seg snø i Bergsdalen frå November. No legg den seg sjeldan før i januar og snøsmeslinga startar tilsvarande tidelg»*

Det meste av terrenget rundt vatnet er – som Eviny seier – ikkje spesielt bratt. Men vegen rundt vatnet vert mangedobla i lengde (sjå KH sitt høyringssvar) og har klare kritiske punkt der ein må kryssa potensielt utrygge elvar med bratte elvegjel som og har grave seg inn i terrenget ovanom HRV. Om dette, utan meir tilrettelegging, vert einaste farbare vinterveg i framtida, vil det for mange vera slutten på å bruka eigedomane på sørsida av vatnet vinterstid.

## **Ansvar konsesjonæren alt no avviser – og feil i revisjonsdokumentet som kan skapa uvisse**

2) Eviny avviser langt på veg to krav som kjem fram i fleire høyringssvar:

a. Ferdsel vinterstid

*«Eviny mener ikke at forholdene for ferdsel rundt sørenden av Hamlagrøvatnen er forverret vinterstid, hverken for turgåere eller for nødetater som benytter snøscooter.»*

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jordalen, Arve (10.07.1966), 29.09.2022
- Botnen, Hallgeir (27.11.1977), 29.09.2022
- Torpe, Lars (25.04.1967), 29.09.2022
- Flem, Anne Elise (20.08.1981), 29.09.2022
- Melstveit, Terje (30.09.1972), 29.09.2022

Forseglet av



Posten Norge

Som KH peikar på i høyringssvaret, så let det seg ikkje gjera å koma fram til hytter i Kyrkjevika i periodar med dårleg is. Er isen på Hamlagrøvatnet dårleg er den som oftast endå dårlegare på Lomatjørn som ligg i overføringa frå Breisete til Hamlagrø. Det er ingen realistiske trasear som ikkje kryssar vatnet eller den nemnde overføringskanalen ved Lomatjørn (sjå vedlegg 1).

KH meiner at uansett kva som gjer at isforholda vert dårlegare, så er det uansett konsesjonæren som kan og må retta opp i konsekvensane av det. Prinsipielt ser me dette som like naturleg som at konsesjonæren vert pålagd å motverka konsekvensane av auka nedbør, kraftigare flaumar eller endringar i laksen sine levekår.

b. Sikring av inntak, Viåni

*«Eviny gjennomfører tilsyn og vurderinger av skilting og sikring som er gjort rundt anleggene i dette området, og vi mener at nødvendige sikringstiltak er gjennomført.»*

KH, med fleire, har peika på at inntaket til overføringstunnelen i Viåni bør sikrast. Eviny har ikkje bilete av dette i sitt revisjonsdokument. Dei meiner heller ikkje at det er fare ved nokon inntak i området.

KH legg ved bilete som viser at inntaket verken er sikra eller merka. Derimot er det tilgrodd og ikkje lett å sjå. Rett over inntaket går ein sti som er ein del av Turistforeininga sitt godt trafikkerte T-merka løypenett. Slik KH ser det, er det lett å ramla ned i inntaket, kanskje særleg i vått ver med sleipt terreng og stor vassføring i elva (sjå vedlegg 2).

I revisjonsdokumentet er det feil i nokre bilettekstar. Dette vil gi NVE feil informasjon om dei verkelege forholda sør for Hamlagrøvatnet:

Figur 84 s 157 burde vist inntaket frå Viåni / Tjørnadalen, men viser diverre berre sperredammane som ligg eit stykke unna. Vi har gode bilete av inntaket i **vårt vedlegg 2 til dette dokumentet**. Figur 85 s 157 viser utløpet frå den nemnde kanalen. Men utløpet går først til Breisetetjørn og må gjennom nok ein kanal, vist i figurane 88 på side 159 og 89 på side 160, før det når Hamlagrøvatnet. Biletteksten skapar altså uvisse.

Til alt overmål står det at figur 90 s 160 viser overføringa frå Breisetetjørn. Dette er feil. Den viser nok ein gong same utløp som i figur 85 s 157.

Utløpet frå Breisetetjørn mot Hamlagrøvatnet er ikkje vist nokon stad i dokumentet. Men det er nett dette utløpet – som går via Lomatjørn – som skaper problem for ferdsel til hyttene i Kyrkjevika og stølane i Blåkoll om vinteren. Dette har vi dokumentert både i vårt høyringssvar og i **vårt vedlegg 1 til dette dokumentet**.

### Alternativ tilkomstløysing – eit ope spørsmål?

3) Eviny seier dei er usikre på

*«hva Kvam Herad mener med alternative tilkomstløsninger frå parkeringsplassene på nordsiden av Hamlagrøvatnet til Søre Hamlagrø og Kyrkjevika».*

Ettersom det er Eviny og NVE som er kjende med kva tiltak som er gjort i andre magasin med liknande forhold meiner KH det er dei som bør kunna foreslå gode og praktiske løysingar på problemstillingane fleire høyringssvar peikar på og som vi utdjuvar i punkt 1 og 2 ovanfor.

Grunneigarane og KH ser to alternativ, men er og opne for andre gode forslag.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jordalen, Arve (10.07.1966), 29.09.2022
- Botnen, Hallgeir (27.11.1977), 29.09.2022
- Torpe, Lars (25.04.1967), 29.09.2022
- Flem, Anne Elise (20.08.1981), 29.09.2022
- Melstveit, Terje (30.09.1972), 29.09.2022

Forseglet av



Posten Norge

1. Bilveg rundt vatnet er openbart eit mogeleg tiltak. Det kan løysa problem med dårleg is, men har og sine negative sider, m.a. naturinngrep, vedlikehald og brøyting.
2. Eit anna alternativ kan vera å utbetra kritiske punkt og dermed leggja grunnlag for trygg skiløype / skuterutertrasé gjennom relativt enkle tiltak (sjå vedlegg 3):
  - o kanalisering og bru(er) ved Lomatjørn
  - o tilrettelegging for kryssing av magasinet mellom Sandneset og Dyrnes
  - o trygg heilårsbru over flaumelvane frå Dyrnes til Søre Hamlagrø der elvane si graving mellom HRV og LRV, i sær ved Sveinsosen, gir ein lang omveg opp i terrenget for å få trygg kryssing.

### Spørsmål til NVE og Eviny

- 4) heilt til slutt har vi som har interesser i det regulerte området nokre spørsmål som vi vonar NVE eller Eviny kan gi skikkelege og skriftlege svar på:

Eviny seier at dei

*«jevnlig gjennomfører befaringer og risikovurderinger med hensyn på sikkerheten for allmennheten».*

Grunneigarane og KH

- a) ynskjer å vita kva som ligg i begrepet «jevnlig».
- b) vil gjennom dette brevet be om innsyn i risikovurderingane det vert vist til.
- c) ønskjer at det vert lagt fram ei samla oversikt over utførte tiltak i og kring Hamlagrø-magasinet sidan noverande konsesjon vart sett i kraft.
- d) vil be om at data om magasinifylling i Hamlagrøvatnet vert gjort tilgjengeleg for ålmenta på enket vis

Til slutt vil vi runda av med å visa til at KH meiner forholda vi peikar ligg innanfor det som må vera intensjonen i kapittel **4.1 Konsesjoner og vilkår i Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdrags-reguleringer** som m.a. seier:

*«Revisjonen gir mulighet til å sette nye vilkår for å rette opp skader og ulemper for allmenne interesser som har oppstått som følge av reguleringene. Dette er særlig aktuelt ved skader og ulemper som ikke var forutsatt på konsesjonstidspunktet eller som i dag vurderes annerledes som følge av endrede samfunnsforhold og verdsetting av miljøkvaliteter»*

For Kyrkjevika Hyttelag og grunneigarane i Blåkoll, Søre Hamlagrø og Breisete

Beste helsing

Lars Torpe  
Leiar, Kyrkjevika Hyttelag

Anne Flem  
Styremedlem, Kyrkjevika Hyttelag

Terje Melstveit  
Blåkoll sameige

Arve Jordalen  
Rykkje Grendalag

Hallgeir Botnen  
Botnen Gardsdrift

Vedlegg:

- 1 Bilder av isforhold på Hamlagrøvatnet og vinterforhold ved Lomatjørn
- 2 Inntak ved Viåni utan sikring (mangla i BKK/Eviny revisjonsdokument)
- 3 KH sitt framlegg til sikker vintertrasé / skuterløype

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jordalen, Arve (10.07.1966), 29.09.2022
- Botnen, Hallgeir (27.11.1977), 29.09.2022
- Torpe, Lars (25.04.1967), 29.09.2022
- Flem, Anne Elise (20.08.1981), 29.09.2022
- Melstveit, Terje (30.09.1972), 29.09.2022

Forseglet av



Posten Norge

Til NVE i sak 201707509, vilkårsrevisjon Hamlagrø/Bergsdalsvassdraget

### **Oppsummering etter synfaring i Hamlagrø 8. september og litt om konsesjonæren sine svar på innkomne høyrings svar**

Viser til forhold Kyrkjevika Hyttelag og grunneigar i Søre Hamlagrø peika på under synfaringa Hodnaberg – Dyrastegen, samt saker Eviny skriv om i si oppsummering av innkomne høyrings svar.

I Eviny sitt dokument «*Vilkårsrevisjon for Bergsdalsvassdraget og Torfinnsvassdraget. Konsesjonærens kommentarer til innkomne høyringsuttalelser*» (EVINY 12936262) seier Eviny, heilt rett, at det har kome inn mange høyrings svar. Svara grupperer seg klart med samsvarande innspel og krav tilsvarende det naturlege interesseområdet til dei som har gitt svar. Dette viser at Eviny som konsesjonær tek på seg eit stort ansvar og at det må leggjast grundig arbeid ned i å balansera dette ansvaret mellom ulike interesser.

Det viser tydeleg at Hamlagrøvatnet, i høve til mange andre magasina på vestlandet er heilt spesielt. Hamlagrøvatnet kan regulerast like mykje og har om lag like vilkår som alle dei andre magasina i området som ligg høgt oppe i snaufjellet. Ei regulering på vel 30meter opp og ned virkar ikkje på landskapet på same måte i eit brådjupt magasin med slett berg på alle kantar, som det gjer på eit vatn som for det meste er grunt og som ligg i eit frodig stølslandskap. Det er den frodige jorda – altså lausmassane – rundt vatnet som har gjort at det opp gjennom tidene har vore både gardsdrift og ikkje minst støls- og fedrifting i området. Dei same eigenskapane gjer og landskapet til det attraktive hytte- og friluftsområdet det er i dag. Magasina er openbart svært ulike, men har like og skjematiske vilkår frå ei annan tid då eit vatn var eit vatn og fjellet ikkje hadde nokon verdi. Om det skal vera ein miljørevisjon så må desse forholda leggjast vekt på. Dette vart teke tok vi opp under synfaringa.

Der tok me og opp ein del andre forhold som me vil minna om her og:

1. Formuleringar i Eviny sitt kommentardokument som er feil. Eviny sin omtale gir eit uriktig bilete av ferdsla på og ved Hamlagrøvatnet. KH vil difor gi meir informasjon om det.
2. Eviny går langt i å avvisa både ansvar for tiltak for ferdsel vinterstid og om sikring av inntak. KH meiner avvisinga skjer på feil grunnlag og vil leggja fram informasjon som viser dette. Her er det og feil i revisjonsdokumentet som kan skapa uvisse.
3. Eviny let det stå att eit ope spørsmål til ei formulering i svaret til Kvam Herad. KH har ikkje vanskar med å sjå kva som kan vera svar på spørsmålet og vil gjerne informera om det.
4. Til slutt har KH nokre spørsmål til NVE og Eviny

### **Feil i Eviny sitt dokument «avsnitt 5.2, Sikring av ferdsel»**

1) Eviny skriv at dei

*«mener ikke at forholdene for ferdsel rundt sørenden av Hamlagrøvatnet er forverret vinterstid, verken for turgåere eller nødetater som bruker snøscooter. Terrenget er kollete men ikkje spesielt bratt, og reguleringen som har medført at vannstanden bare er hevet 32 cm over naturlig vannstand har ikkje forverret ferdselen rundt vatnet i forhold til uregulert tilstand. Vanligvis er magasinet senket vinterstid, noe*

*som gir fleire muligheter i forhold til fremkomst langs vannkanten».*

Eit par avsnitt lenger ned skriv Eviny vidare at

*«De fleste vil ta seg fram frå bilveg til hyttene over land»*

KH vil peika på at dette ikkje er rett! Dette kjem klart fram KH sitt høyringssvar, samt i svaret frå grunneigarlaga og frå Kvam Herad. Me meiner det er viktig å retta opp i denne feilen før vi kjem til ei synfaring i området.

Terrenget rundt Hamlagrøvatnet har i minimal grad vore ferdselsveg til stølar og hytter Sør for vatnet. For alle som høyrer til dei 54 medlemshyttene eller andre av dei 80-tals bygningane som ligg sør for vatnet, er det vatnet som er vegen – sommar som vinter. Det same er tilfelle for dei som har løyve til køyring med snøskuter om vinteren, Øystese Raude Kors Hjelpekorps og Hamlagrø Hytteservice.

Ferdsel over vatnet kan dokumenterast som ein ubrotten tradisjon så langt tilbake som det har vore støling i området. Frå lenge før kraftutbygginga gjekk både tyngre transportar og frakt av turistar til hotellet i Søre Hamlagrø med hest og slede over isen vinterstid. Seinare, etter at det kom veg til vatnet utover på 1900-talet, vart det og nærast slutt på å gå til støls over fjellet frå Kvam. Transporten gjekk med bil så langt som mogeleg og så vidare over vatnet – i båt eller på isen.

Vatnet har vore ein trygg og heilt sjølvstøtt veg – heilt fram til i dag. Det viser m.a. plasseringa av den felles parkerings- og båtopplagsplassen (Søreplassen) for grunneigarar og hyttefolk i sør. Her er det plass til 88 bilar om vinteren og over 100 om sommaren. I feriar og typiske utfartshelgar er plassen full. Søreplassen vart etablert midt på 80-talet og har sidan vorte oppgradert fleire gonger, m.a. med båtopptrekk som BKK i si tid og gav ein mindre stønad til.

Plassen ligg på festa grunn i Voss Herad der det er kortast veg i rett line over vatnet. Om vegen til hytter og stølar gjekk rundt vatnet, ville det vera svært lite rasjonelt å parkeringsplass her. Søreplassen vert nytta heile året, men av naturlege årsaker mest i tida *januar – april og juni – november*. Altså i den tida vatnet er farbart - enten med båt eller over isen.

I dei siste åra har det tidvis og stadig oftare vorte utrygg is. Dette har i nokre vintrar ført til at det har vorte naudsynt å nytta den lange omvegen i terrenget langs vatnet. At vintrane endrar seg har vorte svært tydeleg gjennom dei om lag 10 siste åra. Som representant frå Eviny sjølv uttalte under synfaringa, men då om attgroing i Daleelva:

*«tidegare la det seg snø i Bergsdalen frå November. No legg den seg sjeldan før i januar og snøsmeslinga startar tilsvarende tidelg»*

Det meste av terrenget rundt vatnet er – som Eviny seier – ikkje spesielt bratt. Men vegen rundt vatnet vert mangedobla i lengde (sjå KH sitt høyringssvar) og har klare kritiske punkt der ein må kryssa potensielt utrygge elvar med bratte elvegjel som og har grave seg inn i terrenget ovanom HRV. Om dette, utan meir tilrettelegging, vert einaste farbare vinterveg i framtida, vil det for mange vera slutten på å bruka eigedomane på sørsida av vatnet vinterstid.

## **Ansvar konsesjonæren alt no avviser – og feil i revisjonsdokumentet som kan skapa uvisse**

2) Eviny avviser langt på veg to krav som kjem fram i fleire høyringssvar:

a. Ferdslen vinterstid

*«Eviny mener ikke at forholdene for ferdsel rundt sørenden av Hamlagrøvatnen er forverret vinterstid, hverken for turgåere eller for nødetater som benytter snøscooter.»*

Som KH peikar på i høyringssvaret, så let det seg ikkje gjera å koma fram til hytter i Kyrkjevika i periodar med dårleg is. Er isen på Hamlagrøvatnet dårleg er den som oftast endå dårlegare på Lomatjørn som ligg i overføringa frå Breisete til Hamlagrø.

Det er ingen realistiske trasear som ikkje kryssar vatnet eller den nemnde overføringskanalen ved Lomatjørn (sjå vedlegg 1).

KH meiner at uansett kva som gjer at isforholda vert dårlegare, så er det uansett konsesjonæren som kan og må retta opp i konsekvensane av det. Prinsipielt ser me dette som like naturleg som at konsesjonæren vert pålagd å motverka konsekvensane av auka nedbør, kraftigare flaumar eller endringar i laksen sine levekår.

b. Sikring av inntak, Viåni

*«Eviny gjennomfører tilsyn og vurderinger av skilting og sikring som er gjort rundt anleggene i dette området, og vi mener at nødvendige sikringstiltak er gjennomført.»*

KH, med fleire, har peika på at inntaket til overføringstunnelen i Viåni bør sikrast. Eviny har ikkje bilete av dette i sitt revisjonsdokument. Dei meiner heller ikkje at det er fare ved nokon inntak i området.

KH legg ved bilete som viser at inntaket verken er sikra eller merka. Derimot er det tilgrodd og ikkje lett å sjå. Rett over inntaket går ein sti som er ein del av Turistforeninga sitt godt trafikkerte T-merka løypenett. Slik KH ser det, er det lett å ramla ned i inntaket, kanskje særleg i vått ver med sleipt terreng og stor vassføring i elva (sjå vedlegg 2).

I revisjonsdokumentet er det feil i nokre bilettekstar. Dette vil gi NVE feil informasjon om dei verkelege forholda sør for Hamlagrøvatnet:

Figur 84 s 157 burde vist inntaket frå Viåni / Tjørnadalen, men viser diverre berre sperredammane som ligg eit stykke unna. Vi har gode bilete av inntaket i **vårt vedlegg 2 til dette dokumentet**. Figur 85 s 157 viser utløpet frå den nemnde kanalen. Men utløpet går først til Breisetetjørn og må gjennom nok ein kanal, vist i figurane 88 på side 159 og 89 på side 160, før det når Hamlagrøvatnet. Biletteksten skapar altså uvisse.

Til alt overmål står det at figur 90 s 160 viser overføringa frå Breisetetjørn. Dette er feil. Den viser nok ein gong same utløp som i figur 85 s 157.

Utløpet frå Breisetetjørn mot Hamlagrøvatnet er ikkje vist nokon stad i dokumentet. Men det er nett dette utløpet – som går via Lomatjørn – som skaper problem for ferdsel til hyttene i Kyrkjevika og stølane i Blåkoll om vinteren. Dette har vi dokumentert både i vårt høyringssvar og i **vårt vedlegg 1 til dette dokumentet**.

### **Alternativ tilkomstløysing – eit ope spørsmål?**

3) Eviny seier dei er usikre på

*«hva Kvam Herad mener med alternative tilkomstløsninger frå parkeringsplassene på nordsiden av Hamlagrøvatnet til Søre Hamlagrø og Kyrkjevika».*

Ettersom det er Eviny og NVE som er kjende med kva tiltak som er gjort i andre magasin med liknande forhold meiner KH det er dei som bør kunna foreslå gode og praktiske løysingar på problemstillingane fleire høyringssvar peikar på og som vi utdjuar i punkt 1 og 2 ovanfor.

Grunneigarane og KH ser to alternativ, men er og opne for andre gode forslag.



1. Bilveg rundt vatnet er openbart eit mogleg tiltak. Det kan løysa problem med dårleg is, men har og sine negative sider, m.a. naturinngrep, vedlikehald og brøyting.
2. Eit anna alternativ kan vera å utbetra kritiske punkt og dermed leggja grunnlag for trygg skiløype / skuterutertrasé gjennom relativt enkle tiltak (sjå vedlegg 3):
  - kanalisering og bru(er) ved Lomatjørn
  - tilrettelegging for kryssing av magasinet mellom *Sandneset* og *Dyrnes*
  - trygg heilårsbru over flaumelvane frå Dyrnes til Søre Hamlagrø der elvane si graving mellom HRV og LRV, i sær ved Sveinsosen, gir ein lang omveg opp i terrenget for å få trygg kryssing.

### Spørsmål til NVE og Eviny

- 4) heilt til slutt har vi som har interesser i det regulerte området nokre spørsmål som vi vonar NVE eller Eviny kan gi skikkelege og skriftlege svar på:

Eviny seier at dei

*«jevnlig gjennomfører befaringer og risikovurderingar med hensyn på sikkerheten for allmennheten».*

Grunneigarane og KH

- a) ynskjer å vita kva som ligg i begrepet «jevnlig».
- b) vil gjennom dette brevet be om innsyn i risikovurderingane det vert vist til.
- c) ønskjer at det vert lagt fram ei samla oversikt over utførte tiltak i og kring Hamlagrø-magasinet sidan noverande konsesjon vart sett i kraft.
- d) vil be om at data om magasinifylling i Hamlagrøvatnet vert gjort tilgjengeleg for ålmenta på enket vis

Til slutt vil vi runda av med å visa til at KH meiner forholda vi peikar ligg innanfor det som må vera intensjonen i kapittel **4.1 Konsesjoner og vilkår** i **Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdrags-reguleringer** som m.a. seier:

*«Revisjonen gir mulighet til å sette nye vilkår for å rette opp skader og ulemper for allmenne interesser som har oppstått som følge av reguleringene. Dette er særlig aktuelt ved skader og ulemper som ikke var forutsatt på konsesjonstidspunktet eller som i dag vurderes annerledes som følge av endrede samfunnsforhold og verdsetting av miljøkvaliteter»*

For Kyrkjevika Hyttelag og grunneigarane i Blåkkoll, Søre Hamlagrø og Breisete

Beste helsing

Lars Torpe  
Leiar, Kyrkjevika Hyttelag

Anne Flem  
Styremedlem, Kyrkjevika Hyttelag

Terje Melstveit  
Blåkkoll sameige

Arve Jordalen  
Rykkje Grendalag

Hallgeir Botnen  
Botnen Gardsdrift

Vedlegg:

- 1 Bilder av isforhold på Hamlagrøvatnet og vinterforhold ved Lomatjørn
- 2 Inntak ved Viåni utan sikring (mangla i BKK/Eviny revisjonsdokument)
- 3 KH sitt framlegg til sikker vintertrasé / skuterløype